



SAKSFRAMLEGG

--	--	--

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA-F30	22/290

JUSTERT OPPMODING OM BUSETTING AV FLYKTINGAR 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vil, i tråd med justert oppmoding frå IMDi, busette 45 flyktingar i 2023.

Saksopplysningar:

Kort om saka

Vaksdal kommune har fått justert oppmoding frå IMDi om å busette 45 flyktingar i 2023. Justeringa er ei auke på 5 flyktingar frå førre oppmoding, november 2022, der oppmodinga var 40 flyktingar. Bakgrunnen for auka er det ekstraordinære høge talet på flyktingar frå Ukraina som held fram som resultat av Russland sin invasjon i februar 2022. I saka som vart lagt fram til politisk handsaming i desember 2022 vurderte kommunedirektøren at kommunen kunne busette ytterlegare 10 flyktingar i 2023, i tillegg til dei 40 flyktingane som vart oppmoda om.

Heimel

Kommunestyret gjorde 13.12.2022, sak 105/2022, følgjande vedtak:

«Vaksdal kommune vil, i tråd med oppmoding frå IMDi, busette 40 flyktingar i 2023. Ved auka behov kan kommunen busette ytterlegare 10 flyktingar i 2023.»

Bakgrunn for saka

IMDi har i brev, datert 31.05.2023, oppmoda Vaksdal kommunen om å busette 45 flyktingar i 2023.

IMDi skriv følgjande om bakgrunn for justert busettingstal:

«Det ekstraordinært høge talet på flyktingar frå Ukraina held fram med å vekse som resultat av Russland sin invasjon i februar 2022. Dei humanitære følgjene er dramatiske i Ukraina. I Europa er det meir enn 8 millionar fordrivne menneske frå Ukraina.»

Då krigen starta, oppmoda IMDi alle kommunane i landet om å busette flyktingar. Til saman busette Noreg rekordmange flyktingar på kort tid. Kommunane har gjort ein særskilt viktig innsats for å handtere situasjonen. Det har aldri kome så mange flyktingar til Noreg i moderne tid, og det kjem stadig ukrainske flyktingar over grensa til Noreg.

Kommunane har ei nøkkelrolle i busettinga og integreringa av flyktingane som kjem til Noreg. Tilbakemeldinga frå oppmodinga for 2023 viser at det framleis er stor vilje til å busette flyktingar. Samstundes er behovet for busetting i Noreg større enn den kapasiteten kommunane har meldt inn.

Oppdaterte prognoser frå utlendingsforvaltinga peiker på eit økt busettingsbehov i inneverande år. Behovet er dermed større enn det som låg til grunn då oppmodinga vart sendt i fjor. Det er no naudsynt å auke talet på busettingsplassar. IMDi sender difor ei justert oppmoding om å busette til saman 38 000 flyktningar i 2023.

Innsatsen kommunane gjer for busetting og integrering av flyktningar i Noreg vert minst like viktig i tida framover. Talet som kommunane vedtek og gjer tilgjengeleg for busetting, vil ha ei avgjerande betydning for vår samla evne til å ta hand om flyktningane som kjem til Noreg. Det er viktig at kapasiteten til å busette flyktningar justerast i tråd med det nye behovet. Vi oppfordrar difor kommunane til å fatte vedtak i tråd med oppmodinga.

Regjeringa har foreslått fleire verkemidlar for å støtte kommunane i arbeidet med å auke busettinga. Det er eit forslag i revidert nasjonalbudsjett for 2023 at kommunane får eit ekstra tilskot på 50 000 kroner for kvar flyktning dei busetter utover opphavleg oppmoding frå IMDi i november. IMDi vil samstundes bidra med støtte og rettleiing til kommunane for vidare busetting og integrering av flyktningar i året som kjem.

Justert oppmoding for 2023

IMDi har fått innspel frå fylkeskommunane i arbeidet med fordelinga av oppmodningstalet til kommunane. Ettersom dette er ei justert oppmoding, ligg dei same oppmodingskriteria og vurderingane for 2023 til grunn som i den opphavlege oppmodinga for i år.

Med bakgrunn i den nye situasjonen oppmodar IMDi difor Vaksdal kommune om å busette til saman 45 flyktningar i 2023. Dette er ein auke frå 40 busettingsplassar i 2023.

Behovet for busetting av desse flyktningane gjeld for heile året og ein kan vente fordelingar utover året.

Vurdering og konsekvensar

Vurderinga av kva som må til for å oppretthalde høg kapasitet for busetting i kommunen i forhold til introduksjonsprogram, språktilbod, tilgang på boligar, kapasitet i skule og barnehage og økonomi er den same pr. juni 2023 som den var i desember 2022 i sak 105/2022.

Kommunedirektøren vurderer at kommune har kapasitet til å auke busettinga til 45 flyktningar i 2023.